

Fra: fmrohbo@fylkesmannen.no
Sendt: 2. januar 2015 13:31
Til: Postmottak KD
Emne: E-post: Høring Forslag til endringer i opplæringsloven og privatskoleloven - Kompetansekrav for å undervise i fag - Barneverntjenestens rett til å ta avgjørelser - RLE-faget

Til Kunnskapsdepartementet

Vi viser til høyringsbrev datert 22.10.14 med forslag til endringar i opplæringslova og privatskolelova. Fylkesmannen i Rogaland har slike merknader:

Til kap 2 - Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag

Vi meiner føremålet med framlegget til krav om relevant kompetanse i undervisningsfag er godt, men vi ser også at endringane vil innebere utfordringar som krev særleg merksemd.

I *Lærarløftet* er det lagt opp til at kompetansekrava skal kunne innfriast i løpet av ein tiårsperiode (15 år for skolar med særlege utfordringar) gjennom vidareutdanningssatsinga *Kompetanse for kvalitet*. Vi trur ikkje det er mogeleg for små skolar å klare dette. Det er så få lærarar på dei minste skolane at det reint faktisk og matematisk ikkje vil gå opp. I tillegg vil det bli krevjande for mange skoleeigarar å skaffe kvalifiserte vikarar sjølv om dei økonomiske forholda blir lagde godt til rettes. Dette kan i «vidareutdanningsintensive» periodar ramme elevar i urimeleg grad. For å unngå slike utslag, bør det takast høgde for stor fleksibilitet i gjennomføringa. Opplæringslova § 10-2 fjerde ledd blir såleis ein viktig regel.

Så er det også viktig at læraren si grunnutdanning ikkje blir skoleeigaren sitt ansvar. Lærarstudentar bør ikkje kunne ta fag dei «likar» heller enn fag dei treng i grunnutdanninga si og satse på at framtidige arbeidsgivar kvalifiserer dei gjennom vidareutdanningsstrategien. Lærarutdanningane må elles vurderast med utgangspunkt i dei nye kompetansekrava. Det bør til dømes vere råd å bli kvalifisert for undervisning i engelsk gjennom både GLU1 og GLU2. Vi støttar framlegget om at alle som underviser i engelsk i grunnskolen, må ha relevant kompetanse.

I Rogaland er rekrutteringssituasjonen meir utfordrande enn elles i landet, og vi er urolege for at stadig fleire elevar skal måtte greie seg med ukvalifisert arbeidskraft dersom yrket ikkje blir meir attraktivt. Etter vårt syn må staten ta ei markant sterkare rolle i høve til desse utfordringane.

Så vil vi understreke at nye reglar om kompetansekrav ikkje må få som konsekvens at dei yngste elevane må ha mange lærarar. På dei første årsstega må ikkje «faglæraren» kome i vegen for elevane sitt behov for trygg og tett relasjon til «læraren sin».

Til slutt vil vi peike på utfordringar knytte til kompetansekrava for spesialundervisning. I høyringsnotatet blir det vist til §5-5 tredje ledd og høvet til å fråvike kompetansekrava dersom ei konkret vurdering av eleven sine behov og spesialundervisningstilbodet tilseier det. Erfaringa vår er at altfor mange elevar må greie seg med altfor dårleg kompetanse i spesialundervisninga, både

i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Andelen timar som blir dekte av assistentar er størst for dei elevane som har dei største vanskane, og det er ikkje råd å finne anna enn økonomiske årsaker til dette. Med utgangspunkt i den faktiske situasjonen burde såleis kompetansekrava skjerpast – det ville fremje læringsutbyttet for desse elevane.

Til kap 3 - Rett til å ta avgjerd på barnet sine vegne når barneverntenesta har overtatt omsorga for barnet

3.3.2 Spesialundervisning

Fylkesmannen i Rogaland støttar Kunnskapsdepartementet si vurdering av at samtykke til sakkunnig utgreiing og spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning bør liggje til barnevernstenesta ved omsorgsovertaking etter barnevernslova.

I tillegg til det som er vurdert, meiner vi at det bør gjerast tydeleg i kva grad barnevernstenesta kan delegere mynde til fosterforeldra i medhald av bvl § 4-18 første ledd siste pkt. Dette gjeld både samtykke og ivaretaking av barnet sine partsrettar generelt. Eventuelt må det vurderast om både barnevernsteneste og fosterforeldre kan ivareta partsrettar samstundes, eller om dette berre skal vurderast etter reglane i forvaltningslova om rettsleg klageinteresse i kvar enkelt sak. Dette kan også vere aktuelt på andre område enn spesialundervisning.

3.3.3 Fritak frå opplæringsplikt og tidleg og utsett skolestart

Fylkesmannen i Rogaland er ikkje utan vidare samd med departementet si vurdering av at samtykke til fritak frå heile opplæringsplikta bør liggje til det avgrensa foreldreansvaret. Departementet grunnir standpunktet sitt med at dette er eit vesentleg spørsmål.

I dei tilfella der grunnlaget for omsorgsovertaking er alvorleg omsorgssvikt, meiner Fylkesmannen i Rogaland at kompetansen til å samtykke til fritak bør liggje hos barnevernstenesta - nettopp fordi det er eit spørsmål som er vesentleg for barnet. Slik vi ser det, bør ikkje føringane og eksempla i merknadene til barnelova § 37 («store avgjørelser i barnets liv som ikke gjelder dagliglivet») eller barnevernslova sitt minste inngreps prinsipp vere avgjerande, men heller kva som er best for barnet. Vi meiner det ikkje er grunn til å skilje mellom heilt eller delvis fritak her. Terskelen for å gi fritak vil i alle tilfelle vere høg og skal vere basert på at det vil vere urimeleg overfor barnet å gjennomføre opplæringsplikta. Vi meiner at foreldra ikkje er nærmast til å kjenne barnet sine behov i desse tilfella. Det er i tillegg krav om sakkunnig vurdering der fritak blir tilrådd.

Det kan eventuelt vurderast å ta eit anna standpunkt i høve til foreldre i saker med utgangspunkt i bvl § 4-8 siste ledd, sjølv om det også i desse tilfella ligg føre formell omsorgsovertaking.

3.3.4 Tiltak som gjeld psykososialt og fysisisk miljø

Fylkesmannen i Rogaland støttar Kunnskapsdepartementet si vurdering av at retten til å be om tiltak knytte til barnet sitt fysiske og psykososiale miljø bør liggje til barnevernstenesta etter omsorgsovertaking. Vi kan ikkje sjå at dei tiltaka skolen har høve til å setje i verk her er av ein slik prinsipiell art at foreldra bør ha avgjerdsmynde i desse sakene.

Vi vil understreke at delegering til fosterforeldre er særleg aktuelt her, som under punkt 3.3.2.

3.3.5 Val av skole

Val av (privat) skole har i gjeldande rett vore forstått som ein grunnleggjande foreldrerett i tråd med m.a. EMK, som nemnt i høyringsnotatet.

Fylkesmannen i Rogaland meiner likevel at det kan vere grunn til å sjå nærare på føremålet med desse grunnleggjande rettane og vege dei opp mot omsyn som talar for at foreldre etter tvungen omsorgsovertaking bør stå i ei anna stilling enn andre foreldre *også når det gjeld verdival/større avgjerder* og omsynet til kva som er best for barnet/kven som er nærast til å vurdere barnet sitt beste. Det må eventuelt gjerast ei ny vurdering av kva for typar avgjerder som skal sjåast som så prinsipielle at dei bør liggje til det avgrensa foreldreansvaret. Vi meiner dette bør takast opp til ei breiare vurdering, også i høve til barnelova og dei føringane som ligg her. Standpunkt som blir tatt i opplæringslova bør hengje saman med reglane i barnelov og barnevernslov.

3.3.6 Fritak for deler av undervisninga

Fylkesmannen i Rogaland støttar Kunnskapsdepartementet sitt forslag, men viser også her til det som er sagt ovanfor om behovet for ein gjennomgang av kva for avgjerder som skal sjåast som prinsipielle og kva for omsyn som bør vektleggjast. Religion er nemnt i barnelov og barnevernslov, og opplæringslova bør derfor samsvare med desse.

3.3.7 Val av målform

Kunnskapsdepartementet meiner at val av målform bør liggje til foreldra også etter omsorgsovertaking og grunngir dette m.a. med at det er liten risiko for at det vil få uheldige konsekvensar for barnet å la foreldra ta denne avgjerda. Fylkesmannen i Rogaland meiner denne grunngevinga ikkje bør vere avgjerande og viser til det som er sagt ovanfor om kven som er nærast til å vurdere barnet sitt beste. For barnet kan dette m.a. ha med tilhøyr til andre elevar i klassen å gjere. Vi ser ikkje behov for å bevare enkelte avgjerder i det avgrensa foreldreansvaret fordi dette gir foreldra ei oppleving av framleis å ha noko mynde på område som er av mindre betydning for barnet.

3.3.9 Rett til teiknspråkopplæring i grunnskolen

Her tar departementet det standpunkt at omsynet til at barnet skal få ei forsvarleg opplæring, veg tyngre enn foreldra sin rett til å ta avgjerd. Fylkesmannen støttar dette. I denne samanhengen bør ein også sjå oppl § 2-8 om særskilt språkopplæring, § 2-14 om punktskriftopplæring m.m. og § 2-16 om elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK).

Vi viser samstundes til det vi har meint i pkt.3.3.7. Det kan ikkje vere slik at innhaldet i det avgrensa foreldreansvaret skal bestå i «prinsipielle spørsmål» utan særleg betydning eller innhald, med det føremålet å skape eit skinn av medavgjerd. Barnet sitt beste bør etter vårt syn vere fokus i alle desse spørsmåla.

3.3.10 Val av skyss eller innlosjering

Fylkesmannen i Rogaland støttar departementet sitt standpunkt om at dette bør liggje til barnevernstenesta.

3.3.11 Klagerett på enkeltvedtak

Fylkesmannen i Rogaland er samd med departementet si framstilling her, men vi vil vise til det vi har nemnt ovanfor i forhold til fosterforeldra sin rolle. Vi ser det som viktig at forholdet til reglane i forvaltningslova og barnevernslova om ansvarsfordeling mellom barnevern og fosterforeldre blir tydeleggjorde. Ei slik klargjering treng ikkje gjerast i sjølve lovteksten, men eventuelt i merknader til dei nye reglane.

Til kap 4 - RLE

Det er Fylkesmannen sitt syn at RLE-faget har funne si form. Stadige framlegg om endringar skaper unødig mykje støy.

Med helsing
Fylkesmannen i Rogaland

Hallgeir Bø

assisterande utdanningsdirektør

Tlf: 51 56 57 33

Mob: 922 87 260

Postboks 59

4001 Stavanger